

Herleif Dalland
Dyrhovden 27 A
5993 Ostereidet

Dato: 31.07.2018
Vår ref.: 2015/3613-28
Saksbehandlar: robstor
Dykkar ref.:

Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering med gravemaskin - områdeplan for Ostereidet sentrum - Lindås kommune


Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren viser til oppstart av områderegulering for Ostereidet sentrum i Lindås kommune. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune tar sikte på å gjennomføre arkeologiske undersøkingar med gravemaskin i veke 34-36 i område vist på kartskisse under. Vi gjer merksam på at ein vil ikkje undersøke nær bygningar eller stader med moderne terrenginngrep.


Registreringa vert utført med maskinell fleteavdekking i søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opptil 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpande, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Lindås kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med gravemaskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil ein innhente opplysningar om nedgravne kablar, røyr og grøfter i dei aktuelle areala frå eigarar av slike anlegg. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Kartskisse over område som er aktuell for den arkeologiske registreringa med gravemaskin.



Kartskisse (ortofoto) over område som er aktuell for den arkeologiske registreringa med gravemaskin.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ arkeolog/sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 969 44 535, Sigrun.Wolstad@hfk.no eller arkeolog Robert Stormark Robert.Stormark@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Robert Stormark
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

LINDÅS KOMMUNE